

Arkivsak-dok. 20/01829-1
Sakshandsamar Dagne Kirsti Ropstad

| SAKSGANG: | MØTEDATO: |
|---|------------------|
| ADMINISTRASJONSUTVAL | 13.11.2020 |
| FORMANNSKAP | 13.11.2020 |
| FELLESRÅD FOR ELDRE OG MENNESKE MED NEDSETT FUNKSJONSEVNE | 23.11.2020 |
| UNGDOMSRÅD | 23.11.2020 |
| HOVUDUTVAL FOR OPPVEKST OG LEVEKÅR | 24.11.2020 |
| HOVUDUTVAL FOR DRIFT OG UTVIKLING | 25.11.2020 |
| ADMINISTRASJONSUTVAL | 26.11.2020 |
| FORMANNSKAP | 26.11.2020 |
| KOMMUNESTYRE | 10.12.2020 |

Saksframlegg

Handlings- og økonomiplan 2021 - 2024

Rådmannen si innstilling:

- 1. Framlegg til handlings- og økonomiplan 2021–2024 blir vedteken i medhald av kommunelova § 14-3. Framlegget er bindande for drifts- og investeringsrammer i 2021 og blir vedteke som budsjett for 2021, jamfør kommunelova § 14-5.*
- 2. For åra etter er framlegget retningsgjevande for den vidare planlegginga.*
- 3. Kommunestyret vedtek avgifter og gebyr for 2021 slik dei går fram av framlegg til prisliste.*
- 4. Kommunestyret vedtek som berande prinsipp at det også innanfor byggesak skal arbeidast mot 100 % sjølvkost på lik linje med områda feiing, vatn, avløp og oppmåling.*
- 5. Kommunestyret vedtar følgjande måltal for perioden:*
 - a) Netto driftsresultat på minimum 3 % av driftsinntektene*
 - b) Frie disposisjonsfond på minimum 20 % av driftsinntektene*
 - c) Lånegjeld på maksimum 70 % av driftsinntektene*

6. Skatt på eiga og inntekt blir skriven ut på grunnlag av fastsett maksimalsats for 2021.
7. For eigeomsskatteåret 2021 skal det skrivast ut eigeomsskatt på kraftverk, vindkraftverk, kraftnett og anlegg omfatta av særskattereglane for petroleum, jfr. Eigeomsskattelova (esktl.) § 3 første ledd, bokstav c.
8. For eigeomsskatteåret 2021 skal det skrivast ut eigeomsskatt på et «særskilt fastsett grunnlag» i medhald av overgangsregelen til eigeomsskatteloven §§ 3 og 4 første ledd. Det særskilte grunnlaget skal i 2021 være lik 4/7 av differansen mellom eigeomsskattegrunnlaget i 2018 og 2019 som er forårsaka av nye verdsettelsesregler og at produksjonsutstyr- og installasjonar ikkje skal regnas med i grunnlaget for verk og bruk som frå og med 2019 blir sett på som næringsseigeom.
9. For eigeomsskatteåret 2021 skal det vidare skrivast ut eigeomsskatt på bygningar og grunnareal for verk og bruk som frå og med 2019 blir sett på som næringsseigeom, så langt disse var omfatta av eigeomsskattegrunnlaget for verk og bruk i 2018, jf. overgangsregelen til eigeomsskatteloven §§ 3 og 4 andre ledd.
10. Den alminnelige eigeomsskattesatsen for skatteåret 2021 er 7 promille, jf. esktl. § 11 første ledd.
11. Takstvedtektene for eigeomsskatt i Åseral kommune vedteken i kommunestyret sak 4/2013 skal gjelde for eigeomsskatteåret 2021, jf. esktl. § 10.
12. Eigeomsskatten blir skriven ut i to terminar, jf. esktl. § 25 første ledd. Første termin er 1. april, andre termin er 1. oktober.
13. Kommunestyret godkjenner budsjett for kontroll og tilsyn med ei ramme på kr 741 000.
14. Kommunestyret vedtek å ta opp kr. 31 000 000 i lån og her inklusive kr 1 000.000 i startlån for 2021. Rådmannen har fullmakt til å signere lånedokument.
15. Rådmannen, og dei som er delegert budsjettmynde, må sjå til at budsjetterte beløp til dei ulike føremåla strekk til, jamfør kommunelova § 14-5. Av omsyn til likviditeten har dei budsjettansvarlege plikt til å fordele utgiftene jamt utover i året.
16. Rådmannen skal gjennomføre ei vurdering av kulturskulen, kostnad og kvalitet, i og utanfor vertskommune samarbeidet.
17. Rådmannen skal gjennomføre ein organisasjons- og driftsgjennomgang med mål om å redusere kostandar i drifta.

Rådmannens innstilling 1-17:

Formannskapet vedtok samrøystes rådmannens innstilling 1-17.

Administrasjonsutvalets vedtak:

Vedtak administrasjonsutvalet 26.11.2020:

Forslag til nytt punkt 17:

Rådmannen skal gjennomføre ein organisasjons- og driftsgjennomgang på alle nivå med mål om å redusere kostnader i drifta.

Styringsgruppa bør bestå av arbeidslivets tre parter.

Nytt tillegg - punkt 18:

Åseral kommune skal arbeide aktivt for heiltidskultur. Erfaringar frå kommunar som har lykkast viser at det handlar om haldningar, forankring, trepartssamarbeid og iverksetting av hensiktsmessige tiltak. Det er viktig for å kunne tiltrekke oss kompetent arbeidskraft og behalde den, og for å tilby gode tenester av god kvalitet.

Da må vi tilby alle som søker jobb og deltidstilsette i kommunen heile stillingar. Det skal vere like naturleg å gjere det innan oppvekst, helse og omsorg, som i sentraladministrasjonen og på teknisk.

Det skal vere ei god gjennomgang saman med dei tillitsvalde på om stillingar må lysast ut, og når kommunen lyser ut skal det primært vere 100% stillingar.

Formannskapet vedtok samrøystes administrasjonsutvalet si innstilling.

Jan Stangvik (KRF) forlot møte etter vedtak av punkt 1-17 samt vedtak administrasjonsutvalet.

Nytt punkt 19:

Vedtak HDU:

Som rådmannen si innstilling, men med følgjande tillegg:

Tilskot til næring og landbruk vert vidareført med ramme som i 2020. Det same gjeld tilskot til bustadbygging, VA m.m. Kostnad for begge ordningane på kr 475.000,- vert dekket med redusert avsetning til verdiregulering AE-fond.

Framlegg frå Sp og Krf:

Som rådmannen si innstilling, men med følgjande tillegg: Tilskot til næring og landbruk vert vidareført med ramme som i 2020. Det same gjeld tilskot til bustadbygging, VA m.m., samt stipend. Kostnad for ordningane på kr 975 000,- vert dekket med redusert avsetning til verdiregulering AE-fond.

1 røysta for framlegg frå Sp og KRF (Oddmund Ljosland, Sp) og 3 røysta for framlegget (Inger Lise Lund Stulien, Ap, Jan Arild Bjørndal, Ap og Gro Boge Aasheim, H, røysta for framlegget frå HDU.

Punkt 20:

Ap/H forslag:

Driftsramma for 2021 reduserast med : Sentraladministrasjonen 1% og Drift og utvikling med 2%

3 (Inger Lise Lund Stulien, Ap, Jan Arild Bjørndal, Ap og Gro Boge Aasheim, H,) røysta for framlegget og 1 (Oddmund Ljosland, Sp)røysta mot.

Punkt 21:

Ap/H forslag:

Forslag om reduksjon av utdanningsstipend kr 150 000 vert ikkje teke ut av driftsramma for 2021. Stipend for heimebuarar går ut. Stipend for bortebruarar blir lagt inn med halvert sats. Blir finansiert med redusert avsetning til verdiregulering AE-fond.

3 (Inger Lise Lund Stulien, Ap, Jan Arild Bjørndal, Ap og Gro Boge Aasheim, H, røysta for framlegget og 1 røysta mot.

Punkt 22:

Vedtak HOL :

Som rådmannens innstilling med følgjande tillegg:

Pris på SFO blir satt til 31 kr pr time. Dette finansieres med reduksjon innanfor egen ramme til skolen.

Det bes utarbeides en sak til kommunestyret på SFO der det vurderes ulike muligheter for måter å fakturere på, månedspris, timepris. Det vurderes om man skal fakturere 9 måneder eller 11 måneder og ser til andre nærliggende kommuner hvordan de løser det. Det skal legges til grunn at det blir forholdsvis rimeligere per time ved fulltids plass. Saken legges fram for kommunestyret i mars 2021 slik at man kan legge det inn i budsjettet for 2022.

Formannskapet: (Inger Lise Lund Stulien, Ap, Jan Arild Bjørndal, Ap og Gro Boge Aasheim, H, og Oddmund Ljosland, Sp) røysta for.

Vedlegg

1. Handlings- og økonomiplan 2021 – 2024
2. Prislister 2021
3. Særutskrift sak 10-20 Budsjett for kontrollarbeidet i Åseral kommune

Bakgrunn

Ansvar for å utarbeide økonomiplan og årsbudsjett ligger på formannskapet. Som grunnlag for dette arbeidet skal rådmannen utarbeide framlegg til økonomiplan og årsbudsjett. Frå og med 2016 har vi kopla saman handlingsdelen med økonomiplan og budsjett. Som følge av endring av økonomireglementet har dokumentet endra namn til Handlings- og økonomiplan. Rådmannen sitt framlegg til Handlings-

Prislister ligger og vedlagt. Der er det i hovudsak lagt opp til å følgje løns- og prisveksten.

Vurdering

Kommuneloven stiller krav til at kommunestyret vedtar finansielle måltal jfr § 14-2 i kommuneloven. I Åseral kommunes økonomireglement, punkt 1.2 c) har vi tatt inn hovudprinsipp og måltal kommunen bør følgje. Måltalane som er fastsatt i økonomireglementet vidareføres i forslag til vedtak av kommunestyret etter ny kommunelov:

- Netto driftsresultat på minimum 3 % av driftsinntektene
- Frie disposisjonsfond på minimum 20 % av driftsinntektene
- Lånegjeld på maksimum 70 % av driftsinntekta

I budsjett 2021 oppnår vi ikkje alle måla, men kommunen bør prøve å oppnå dette på lengre sikt. I 2021 så er det i budsjettet lagt opp til et driftsresultat som utgjør -1,8% av driftsinntektene, og vi vil da ha frie disposisjonsfond som utgjør 38,49 % av driftsinntektene (6,42 % ekskl. bufferfond, verdireguleringsfond, og premieavviksfond). Lånegjelda ligger monaleg over måla som er sett og er på 135,36 % av driftsinntektene.

Netto driftsramme for alle rammeområda er på kr. 112 823 000. I tillegg kjem driftstiltak på kr. 4 325 000 og investeringstiltak på kr. 32 380 000.

Når det gjeld budsjett for interkommunal revisjonsordning (Kommunerevisjonen Vest, Vest-Agder IKS) og kontrollutvalet (Agder Sekretariat) er budsjettet auka med kr 50 000 i forhold til kommunerevisjonen. Dette som følge av at utgiftfordelingen mellom kommunane er endra i 2021 og revisor er pålagt nye oppgåver som forenkla etterlevelseskontroll og kontroll av premisser i budsjettet.

Kontrollutvalets ynskje om ytterligere kr 50 000 til forvaltningsrevisjon og eierskapskontroll er ikkje tatt til følgje.

Kyrkjeleg fellesråd har kome med søknad om tilskot til utvendig vedlikehald på kyrkja. I samband med dette er driftstiltaket til Åknes kapell i 2021 omfordelt til kyrkja. Det er Kyrkjeleg fellesråd innforstått med. Det er likevel ikkje tilstrekkeleg til å finansiere den aktuelle kostnaden. For 2020 ser rekneskapen for kyrkja ut til å gå med eit tolleg underforbruk. Vi legg til grunn at dette, saman med driftstiltaket i handlings- og økonomiplanen, dekker kostnadane.

Rammeområdet oppvekst og levekår er samansett av planområde 210 barnehage, 220 skule, 310 helse og velferd, 340 Pleie, rehabilitering og omsorg. Det er ikkje endring i denne strukturen, men planområde 310 har endra namn til helse og velferd.

Rådmannens kommentarar og vurderingar gjeng fram av fram av Handlings- og økonomiplan 2021–2024.